
Fra: Inger Marie Jordal
Sendt: 6. september 2017 12:31
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Arild Kvamme
Emne: Att: Oppmåling: Retting av feil i kartet
Vedlegg: Kart med felleseiet.pdf

Hei!

I forbindelse med eit veianlegg ned til Kvamsvågen, skal Lindås kommune ved eining for eigedom overta ein veggrunn. Vegen ligg i følgje kommunens kart på gbnr 141/3, men det stemmer berre i øvre del av området. Nedre del er eigd av Øvre og Nedre Kvamme felles. Dette er vist på gamle kart, men det er utegløymt i kommunen sine digitale kart. Sjå vedlegg. Kartet viser linjene for kvar fellesbeitet omtrentleg startar og stoppar. (Kartet har eg fått frå Sverre Solberg, som kjenner til saka).

Før Lindås kommune kan overføre skjøtet på veggrunnen, må matrikkelen rettast opp. Ber difor om at kartet vert retta.

Nokon av grunneigarane, Arne Kvamme og Ludvig Kvamme, har forsøkt å finne merkene i terrenget utan hell. Dei kan moglegeins vere med på staden viss det er interesse for det, dei er godt kjend med historikken i området. Ta eventuelt kontakt med meg, så vidareformidlar eg kontakt.

Dersom de treng meir informasjon, ta kontakt med meg. Gje gjerne ein lyd når de veit noko om framdrift i saka.

Med helsing

Inger Marie Jordal | Prosjektleder på eigedom

E-post: inger.marie.jordal@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 51 15 / +47 952 05 535
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

